

## Notat Toppidrettstilbudet ved Voss Gymnas

Toppidrettstilbudet ved Voss gymnas er lagt til studieretning idrettsfag, og gjeld vinteridrettene alpint, freestyle, langrenn og skiskyting.

Då dette toppidrettstilbudet starta opp i 2006 var det allereie ei idrettslinje ved skulen, der elevar hadde høve til å velgja fordjupningsidrettar innan alpint, langrenn, skiskyting og fotball. Difor var det naturleg å leggje toppidrettstilbudet til studieretning idrettsfag. Då får ein i tillegg fleire viktige idrettsfag som gjev god støtte og bygger opp om den fysiske treninga ein gjennomfører i toppidrettsfaget. Samtidig vart samarbeidet med olympiatoppen Vest Norge etablert, der olympiatoppen er med og kvalitetsikrar opplegget reint fagleg samt å bidra med medisinsk oppfølging for elevar som treng det.

### Idrettslinje/toppidrettslinje

Ved skulen er det no to parallellar på studieretning idrettsfag, ein ordinær idrett med elevar som har valgt idrettar innan fotball, håndball, jibbing og snø Brett, mens den andre er toppidrett som samlar elevar med dei nevnte vinteridrettene. Forskjellen på desse klassane ligg for det første på sjølve opptaket. Idrettsklassen er basert kun på karakterar frå ungdomsskulen, mens toppidrettsklassen i tillegg til karakterar også baserer opptaket på idrettsprestasjoner. Olympiatoppen er sentral i denne prosessen, kvalitetssikrar og er med styrer opptaket basert på idrettsresultat som vert vurdert og sender ut melding til søkjarane om dette. Elles ligg det forskjellar i sportsleg oppfølging. For alle vinteridrettene er det samarbeidspartnarar slik at at trening i skuleregi heng saman med det elevane gjennomfører i klubbregi. Dette sikra ein gjennom at trening og samlingsplanar vert samordna. Dessutan er fleire av timelærarane i toppidrett også engasjert med elevane gjennom klubb på kveldstid. o Ein annan ting ein vektlegg meir på toppidrett enn på ordinær idrett er gjennomføring av treningsamlingar. Toppidrettselevane får i løpet av eit skuleår gjennomført fire samlingsveker i skuleregi. Desse vekene har ein full fokus på idretten, og dette er på tidspunkt som er viktig for prestasjonsutvikling i forhold til konkurransesesongen.

Lærarkreftene ved skulen borgar og for svært god erfaring innan toppidrett. Kristen Skjeldal langrenn, med Ol gull for Norge i stafett og bronsemedalje individuelt frå Ol, mangeårig landslagsløpar er ein av lærarane i langrenn. Gisle Fenne skiskyting, medaljevinnar frå VM og tidlegare landslagstrenar i skiskyting har hovudansvaret for skiskyting. Even Hole, tidlegare world cup kjørar og mangeårig landslagstrenar i alpint har hovudansvaret for alpinelevane ved skulen. Innan freestyle er tidlegare toppidrettsutøvar og medaljevinnar frå Lillehammer OL Hilde Lid engasjert samt at skulen samarbeidar både med den lokale klubben Voss freestyleklubb og Norges skiforbund på trenarsida. Når det gjeld kulekjøring så er Voss og Voss freestyleklubb heilt dominerande i landet både når det gjeld anlegg, rekruttering og utvikling av toppidrettsutøvarar.

### Treningstilhøve Voss Gymnas

Det skal byggast ny skule ved Voss Gymnas som ventast ferdigstilt i 2017.

Treningsfacilitetane vil då sjølvsagt bli monaleg modernisert og tilpassa nye tider. Det er planlagt ein stor idrettshall og i tillegg ein basistrenings hall. Pr dags dato har skulen to gymsalar, der den eine har blitt laga om til eit styrke og spinningssrom. Skulen må på grunn av kapasitetsproblem leige Voss idrettshall når toppidrett og idrettslinja har sine treningstimar. (ca 130 elevar trenar samtidig) Dei same treningsfacilitetane vert nytta på kveldstid gjennom det tidlegare nevnte samarbeid med lokale klubbar.

Når det gjeld vinteranlegg har ein på Voss svært gode anlegg. Herresåsen er fylkesanlegg for langrenn og skiskyting i Hordaland. I dette anlegget vart NM på ski nordiske greiner arrangert i 2012, og NM i skiskyting skal arrangerast vinteren 2014. At arrangørbygda Voss får slike arrangement er eit prov på at anlegga er av beste klasse. Dette anlegget ligg ca 15 min kjøretid frå Voss Gymnas. Dette anlegget har og ei asfaltert rulleskiløype på 3 km som vert mykje nytta av elevane våre.

Alpint og freestyle elevar trenar for det meste i Bavallen i Voss resort sine anlegg, Der ligg og Hordaland sitt fylkesanlegg for desse idrettane. Her har det vorte arrangert fleire store arrangement som NM både aldersbestemt og senior, junior VM samt fleire World cup konkurransar. Dette anlegget ligg ca 15 min kjøretid frå Voss Gymnas.

Dei seinare åra har og anlegget i Myrkdalen vorte utbygd og dette har gjeve alpint og freestyle elevar eit treningsalternativ litt lenger vekk frå skulen, ca 35 min kjøretid. Her vart det arrangert VM i freestyle kulekjøring og hopp vinteren 2013. Anlegga i Myrkdalen er kjent for sine svært gode snøtilhøve.

Idrettsmiljøet på Voss har lange tradisjonar innan vinteridrettar, både når det gjeld store arrangement og med antal toppidrettsutøvarar over lang tid. Blant desse finn ein mange medaljevinnarar i VM og OL. Seinast vinteren 2013 fekk Voss to nye verdensmeisterar når Sjur Røthe og Hilde Fenne tok gull for Norge i stafett i hennholdsvis langrenn og skiskyting. Sjur oppnådde også medalje individuelt, bronse 30 km med skibytte. Begge desse er unge utøvarar og har begge gått på toppidrettstilbodet ved Voss gymnas.

Knut Steinar Skiple  
Avdelingsleiar idrett